

Plan for bruk av LTU-midlar

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har sett av kr. 1 million som kan nyttast til ei betring av reisetilbod for ungdom mellom 13 og 19 år til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddags- og kveldstid. I tillegg til den reint praktiske og trivselsmessige sida, har prosjektet også ei tryggleiksside der målet er å leggje til rette for trygge skysstilbod. Ungdomsråda og kommunane i fylket vert invitert av Fylkeskommunen til å utforme eit skyssopplegg og søke om prosjektmidlar for å få skyssopplegget i gang.

Askvoll ungdomsråd har i sak 008/18 vedteken desse retningsliner for bruk av LTU-midlar:

1. Midlane skal brukast til lokale transporttilbod for alle grupper av ungdommar mellom 13-19 år, også for ungdommar med funksjonshemningar.
2. Midlane skal brukast gjennom aktivitetsåret 2018/2019, frå ca. 15.08.18 og så langt dei rekk, om mogeleg fram til ca. 30.06.2019.
3. Midlane kan brukast til lokale transporttilbod i samband med ungdomstreff og ungdomsarrangement, t.d. under Skjærgårdstreff, Krabbefestivalen og Nordsjøporthelga og i høve trenings- og fritidsaktivitetar. Ved knappheit på LTU-midlar skal midlane prioriterast til ungdomsarrangement og trenings- og fritidsaktivitetar innanfor Askvoll kommune.
4. Transporttilboda skal basere seg på bestillingar der oppslutnaden alltid er avgjerande for om ruta går. Som hovudregel må minst 3 personar ha bestilt for at transport skal gå.
5. Transporttenestene kan berre kjøpast frå dei som har godkjent løyve for persontransport og må ikkje legge seg i direkte konkurranse med det vanlege kollektivtilbodet.
6. Ei prosjektgruppe vert etablert der representantar frå ungdommen er med, fortrinnsvis ein representant frå ungdomsrådet og ein frå kommunen som er ansvarlege for å organisere og samordne eit fleksibelt transporttilbod på strekningane nemnde i tabellen under.
7. Brukara skal betale ein eigenandel jf. tabellen under.

Transporttilbod til/frå fritidsaktivitetar for ungdommar 13-19 år	Pris per tur
Innanfor Askvoll kommune:	
Innanfor eige postnummerkrins	Kr. 40,-
Askvoll – Stongfjorden/Holmedal	Kr. 40,-
Askvoll/Holmedal – Kvammen	Kr. 50,-
Stongfjorden – Kvammen	Kr. 40,-
Askvoll – Atløy (skyssbåt)	Kr. 30,-
Askvoll – Værlandet/Bulandet (skyssbåt)	Kr. 50,-
Gjervik-Herland	Kr. 50,-
Gjervik-Høyvik	Kr. 50,-
Kvammen – Førde	Kr. 40,-
Kvammen – Fjaler	Kr. 70,-
Askvoll/Holmedal/Stongfjorden – Førde	Kr. 70,-
Askvoll/Holmedal/Stongfjorden – Fjaler	Kr. 50,-
Askvoll Kommune – Gaular/Hyllestad/Florø/Naustdal	Kr. 100,-
Askvoll kommune – Nordfjord	Kr. 150,-
Askvoll kommune – Solund + Sogn	Kr. 150,-
Askvoll kommune – andre fylke	Etter førespurnad

Merk: alle takstane gjeld for kvar tur som drosjen/skyssbåt må ta. Dersom det blir sett opp transport både til og frå fritidstilbod, blir det rekna som to turar. Takstane for båttransport til øyane kjem i tillegg til evt. transport på fastlandet.

8. Tinging av transport skjer via Askvoll kommune på tlf. 57 73 07 00 eller per epost postmottak@askvoll.kommune.no. Send namn og telefonnummer på dei som treng transport. Tinging

av transport skal skje seinast 1 dag i forkant viss det er ein vanleg drosje. Bestilling av minibuss eller buss skal skje seinast 3 dagar i forkant.